

Svein Mo AS

Vedlegg: 1

V/ Endre Mo

5729 Modalen

Modalen Kommune

5729 Modalen

**Søknad om tilskot til kjøp av Hjullaster – bakgrunn og begrunnelse for søknad**

Verksemda Svein Mo AS har i seinare tid hatt aukande aktivitet i oppdragsmengda, og me har difor måtte tilsetja ein ny medarbeider i full stilling, i tillegg til undreteikna.. Auken i aktivitet skuldast i hovudsak oppdrag med sand og grustransport for Modalen Sandtak AS. Dette er ein 100% stilling som krev at ein stiller lastebil og hjullaster til rådighet, for opplasting og transport til sandtaket sitt sorteringsanlegg på Otterstad.

Andre oppdrag verksemda utfører er grunnarbeid, tomtarbeid, transportoppdrag og liknande. Svein Mo AS har rammeavtale med blant andre Eviny AS,( brøyting, transport, diverse graving mm) avtale med Presis Veidrift as( Rydding av ras, grøfter, brøyting mm) og diverse andre oppgåver for ulike aktørar og verksemdar.

I periodar leiger me inn ekstra ressurs for å ta unna oppdrag, noko som utgjer inntil 1/2 årsverk. Behovet for å utvida og investera i hjullaster har sin bakgrunn i over nevnte aktivitetsauke, og er grunnen til at me søker og dette tilskotet.

Vonar Modalen Kommune v/ Næringsfondstyret ser positivt på søknaden. Det vil vera eit godt bidrag for å styrka verksemda, lokal tilhøyrighet og lokale arbeidsplassar



Mvh Endre Mo

Dagleg leiar i Svein Mo AS